NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr. 11 — Fylke: Vestfold

Emne: Ymse attåtfôr. — Herad: Sem

Oppskr. av Andersskogen — Sokn: Slagen

Etter Arne Horgen, f. 1882 på Horgen i Slagen. Småbrukar.

I A.

Av og til, reint tilfeldig, kunne dei ta rota av grisetistel og gi grisen. Den „gikk ned på høykant". Griserot finns i Slagen, men vert ikkje nytta. Det er og ukjent at nokon har nytta kvekerot.

B. ukjent

II.

Tang og tare vert nytta som gjødsel.
Stôr tatt tidleg må vera fint fôr. Hesten til A. H. er vill etter det; det veks litt på garden. Han har sett at vognmennene i Tønsberg tok mykje stôr i Kilen. Dei slo han med ljå. Vatnet går ikkje over utan med flod og i sønnavind. Dei brukte langstøvlar. Støren slo dei føre høyonna, etter det han minnest. Det er ein 10-15 år sidan han såg det sist.

III. Nesle („ nåsla")har vore brukt til grisen og hønsa. Til hønsa vart den tørka og knødd saman med mjøl og poteter. Til grisen vart den kokt. Det var berre enkelte som brukte nesle.

IV. Ukjent.

V

1. Sörpe vort ikkje brukt nå. Sjöl slutta han med det i 30-åra, trur det var noko tidleg.
Ikkje kokt

2. Den vart gitt i krybba eller renna. Sörpebötter eller stampar ukjent.

2. Det var hakkels med mjöl og raspa poteter eller turnips på. Før var potetene eller turnipsen hakka med ein hakkekniv på ei hakkeblokk. Hakkekniven var kross-forma og fest med fire bögler til eit skaft som ein stöytte med. Dei laga sörpa til ettr malet fôr (morgon og kveld.).

3. Ukjent

4. Enkelte kan ha hatt eit par sekkr rognebær til hönsa. Elles e ikkje rognebær nytta.

5-6. Det var nokre som fekk drank og mask frå Tönsberg. A.H. har ikkje brukt det sjölv og veit ikkje korleis det gjekk fram.

7. Ukjent.

VI

Det vort nytta ein del salt vraksild til krötera før. Dei fekk den som den var. I 1890-åra fekk dei kjöpt fersk sild og nytta som gjödsel. Dei betalte 1 kr. lasset.

Avskrift av brev frå A.H. 27/6 1954, svar på spörsmål:

"Har kommet til det at Setuæ er jordstykket like ved gaarden - ned for gjödseldyngen - det bedste stykket på eiendommen." Angaaende nödfôr, saa fortalte en at han under krigsaarene havde plöid et stykke, ca. 3 maal som var aldeles besat av kvæke; han havde kjört hjem mange las, vasket og git kuene det; han paastod at likte det og at melken öket."